



Nr.1 - februar 2023

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Måsfjorden kommune

Gudstenester

Døypte

5.februar

Sandnes kyrkje kl.11:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Bibeldagen – Nattverd – Kyrkjekaffi med bibelquiz
Takkoffer til Det Norske Bibelselskap

12.februar

Frøyset kyrkje kl. 11:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Nattverd – Kyrkjekaffi
Takkoffer til Sjømannskirken

19.februar

Fjon fjellkyrkje kl. 16:00
Samtalegudsteneste med konfirmantane
v/Torbjørn Sæle, Ingrid Helene Raunehaug og
Boris Kuprijanov
Nattverd - Kyrkjekaffi
Takkoffer til Fjon fjellkyrkje

22.februar (onsdag)

Frøyset kyrkje kl. 19:00
Song og musikk-kveld

5.mars

Solheim kyrkje kl.11:00
Gudsteneste v/Helge Taranrød og Boris Kuprijanov
Dåp – Nattverd – Kyrkjekaffi
Takkoffer til organisasjonen «Leve»

12.mars

Sandnes kyrkje kl.11:00
Familiegudsteneste v/Torbjørn Sæle,
Tina Meland Corneliusen og Boris Kuprijanov
Tårnagentane deltek - Kyrkjekaffi
Takkoffer til NMS (Det Norske Misjonsselskap)

2.april

Granneheimen kl. 17:00
Gudsteneste v/ vikarprest og Boris Kuprijanov
Nattverd - Kyrkjekaffi
Takkoffer til NMS (Det Norske Misjonsselskap)

Informasjon om gudstenestene i Masfjorden
finn du alltid i kalenderen på nettsida vår:
www.masfjorden.kyrkja.no

22.01.23 Ronja Andvik

Sandnes kyrkje
Foreldre: Siri Andvik og Tor-Arne Trodal Andvik



Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å brukha Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Dødsfall

20.11.22 Målfrid Haugsvær, f. 1933
23.11.22 Åshild Solbakken, f. 1952
07.12.22 Ingebjørg Solhaug, f. 1934
19.12.22 Gerhard Hans Daae Børnes, f. 1938
03.01.23 Aase Daae, f. 1957

Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.



ANDAKTAR PÅ SJUKEHEIMEN

Våren 2023

Kl. 12.00: Andakt på Arbeidsstova

ca. kl. 12.40: Songstund på Nystova



Følgjande torsdagar:

2. februar

23. februar

m/nattverd

9. mars

30. mars

27. april

m/ nattverd

11. mai

8. juni

Langfredag 7. april: Påskegudsteneste kl. 13.00

Onsdag 17. mai: **17.mai-gudsteneste kl. 15.30**

VELKOMEN!



*Kyrkja i Masfjorden ved
sokneprest Torbjørn Sæle
mobil 95 14 16 85*




DEN NORSKE KYRKJA



BARNAS

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?



Vitsar

Så var det dei to forelska bleksprutane som gjekk arm i arm i arm i arm i arm ...

Kva gåver blir vi sjeldan glade for? Oppgåver.

Har du høyrt om han som sov så tungt at senga knakk saman?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn fem feil!

Her er Jesus på besøk hos Sakkeus. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli



Sondagsskolen - mer enn du tror

Plan for trusopplæring

- våren 2023

Tårnagent

I år treng me agentar til Tårnagenthelg!

Tårnagent vert i Sandnes kyrkje laurdag 11. og sundag 12. mars.

Då vert dei som er eller blir 7, 8 eller 9 år i 2023 invitert.



Dåpsskule

Hausten 2022 blei «Mi kyrkjebok» delt ut til dei som var eller blei 4 år i løpet av 2022. I den anledning så vil dei bli invitert til dåpsskule.



På dåpsskulen får ein høyre bibelforteljingar, vere kreativ, leike og vere med å lage dåpsteppe. Dåpsskule-samlingar vert arrangert i løpet av våren, og invitasjon vil bli sendt ut i posten.

Småbarnstrall

Me fortsett med småbarnstrall for born mellom 0-3 år, annankvar torsdag i partalsveker i **Sandnes kyrkje** frå kl. 10:45 til 12:30

Me byrjar med ei songstund som varar ca. 30 minuttar. Då syng me barnesongar, seier nokre regler, leikar og testar ut rytmeinstrument og dansar. Etterpå tek me ein liten matbit saman, så ta med nistepakke. Me serverer litt frukt og saft/vatn. Det er også lov å ta med sysken.



Dato for samlingane:

**26. januar - 9. og 23. februar - 9. og 23. mars - 20. april -
4. mai - 1. juni**



Me vil minne dykk på at det berre er born som er døypt, eller registrerte som trusopplæringsabonnentar me har høve til å sende brev og invitasjonar til. Men alle er velkommen, så høyrer du til den aktuelle aldersgruppa og vil vere med på eit trusopplæringstiltak, er du hjarteleg velkommen. Dersom du ynskjer informasjon frå kyrkja om trusopplæring for born og unge, kan du ordne dette på kyrkja.no/informasjon. Her kan du registrere borna ved å logge inn og oppgje barnet sitt namn og fødselsdato på «Min Side». Her finn du òg meir informasjon om kyrkja, trusopplæring og kva moglegheiter du får ved å registera barnet ditt.

Har du lyst å vera frivillig medhjelpar på nokon av arrangementa? Me vert svært glade om du tek kontakt med oss på kyrkjekontoret.

Har du spørsmål som gjeld trusopplæring? Ta kontakt med trusopplærar Tina Meland Corneliusen.

Telefon: 93 68 50 71/ 56 16 62 62

e-post: tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Tekst: Tina Meland Corneliusen

INGEN OVER - INGEN VED SIDA AV

Kanskje dreg du kjensel på overskrifta. «Ingen over – ingen ved sida av» var ein gong slagordet til Freia Melkesjokolade. Men sjølv om eg eg glad i sjokolade, så skal ikkje denne andakten handla om søtsaker.

Når du les dette er vi allereie kome til februar, vel ein månad inn i det nye året. Ved overgangen til eit nytt år kan det vera mange tankar, ønskjer og nyttårsforsett. Og kvart år er det like vanskeleg å skriva det rette sifferet til slutt i årstalet.

I nyttårstalen snakka Kong Harald om at det er ei tid for sjá kvarandre no: «Tenk om vi alle kvar dag kunne spørja eit menneske som kjem i vår veg: Kva kan eg gjera for deg?»

Kongen er ikkje langt unna å sitera Jesus, som i møte med ein blind mann nettopp spør: «Kva vil du at eg skal gjera for deg?» (Markus 10,51). Slik vil Jesus også møta oss, og slik kan vi møta kvarandre. Med eit ope og inviterande spørsmål.

1. januar er ikkje berre starten på eit nytt år. 1. nyttårsdag er også Jesu namnedag, og i preiketeksten for denne dagen står det eitt enkelt vers, verset som følgjer rett etter juleevangeliet:

Då åtte dagar var gått og han skulle omskjerast, kalla dei han Jesus. Det var det namnet engelen hadde gjeve han før han var komen i mors liv. (Lukas 2,21)

Barnet i krybba er faktisk ikkje nemnd med namnet Jesus i juleevangeliet. Namnet var klart – det hadde engelen fortalt. Men det var altså først på den åttande dagen, at Jesus fekk namnet, samtidig som han blei omskoren etter jødisk tradisjon. Denne 8. dagen blir då for oss 1. januar.

For dei som er oppteken av namnedagar, så er det ifølgje Almanakkforlaget ingen vanlege namn som har blitt plassert med namnedag på årets første dag. Medan dei fleste dagar har to eller tre namn, som Dagfinn og Dagfrid 2. januar og Alf og Alfred og Alva 3. januar, så er det ingen over og ingen ved sida av Jesus. På toppen av eit nytt år, ein ny kalender, så er det ein ledig plass – til namnet Jesus.

Litt seinare i Bibelen står det om Jesus:
«Difor har òg Gud opphøgd han til det høgste og gjeve han namnet over alle namn.»
(Filipparane 2,9).

Namnet Jesus er fullt av løfter og forventning. Eit namn som betyr «Herren frelsar.»

I julenummeret av Masfjordingen snakka avtroppende biskop Halvor Nordhaug om at vi må seia noko om Jesus. Det skal vi gjera også i 2023, snart også med ny biskop her i Bjørgvin. Vi skal få følga Jesus og livet hans, læra meir om kven han er, synga om namnet Jesus, be til han, høyra om undera han gjorde, freistingar han stod i. Gjennom kyrkjeåret får vi følga Jesus gjennom ulike delar av livet hans. Og eg veit at Jesus sitt løfte står fast også dette året: *«Eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»* (Matt 28,20)



Eg tek med eit dikt eg skreiv ved overgangen til det nye året.

*eit heilt nytt år
i gavé får
vi lov å pakka opp
i takk og med eit håp
om betre kår
for verda vår
ny energi
og nok av tid
til å ta vare på
kvarandre store små
så folk i by og land
går saman hand i hand
mot det som er i vente
med og utan rente
eit lys nedbrent
eit nytt er tent
det gamle er forbi
no startar ei ny tid*

Torbjørn Sæle, sokneprest

MIN SALME

Når eg skulle få velja ein salme å skriva om, måtte det bli ein kveldssalme. Dette fordi eg no sjølv nærmar meg kvelden på min eigen livsveg, men også fordi eg minnest mange gode stunder med godnattsongar ved sengekanten!

Elias Blix sin salme «No soli bakom blåe fjell» har følgt meg heile livet, frå tidleg barndom, gjennom skuleåra der me oftast avslutta dagen med denne salmen, og seinare som godnattsong for born og barneborn.



No soli bakom blåe fjell sitt ljose andlet gøymer.
Og mørker over heimen fell, og jordi ligg og drøymer.
Gud, lat di åsyn lysa ned, så heilag fred
inn i vårt hjarta strøymer!

Kom, Jesus inn, og med meg ver når det til kvelden stundar!
Og lat din engel standa her ved lægjet når eg blundar,
og vara vel min kvilestad! Og vekk meg glad
til song med fugl i lundar!

Men når eg her min nattverd held, og livet kring meg tagnar,
eg minnast må min siste kveld, då ikkje meir det dagnar.
Når soli neste morgen stend opp over grend,
ho meg då inkje gagnar.

Men Jesus fører meg ved hand, eg ikkje råd skal sakna.
Han fører meg til livsens land, der alle stormar spakna.
Når eg i grav er gøymd og duld, for Kristi skuld
eg skal ein morgen vakna.

Salmen vart fyrst publisert i «Nokre Salmar» i 1875. Det er fire vers, men me song alltid berre dei to fyrste. Dette var vel naturleg, for dei to siste versa handlar om slutten på livet og oppstoda.

Salmen står på nr. 821 i Norsk Salmebok (2013)

Marita Kjetland

JULEGUDSTENESTENE

Det var godt å få ynskja folk i Masfjorden velkomne til gudstenestene julafstan og 1.juledag, utan å måtte setje grenser for talet på personar som kunne koma eller tenka på «meteren» og andre koronatiltak. Kjekt å få ynskja kvarandre god jul med både eit handtrykk og ein klem om ein ville det.

Sokneprest Torbjørn Sæle tok oss med inn i juleevangeliet frå gjetaren sitt perspektiv denne jula, og fortalte så levande at ein nesten følte ein var der i Betlehem. I Frøyset kyrkje fekk han uventa og god hjelp til å passa på sauene og formidla juleevangeliet då ei jente bokstavleg talt hekta seg på julepreika. Til stor glede for heile folket!

Kjekt var det også at me på alle gudstenestene fekk med ekstra musikk-krefter. Takk til korpsmusikantane på Frøyset og Sandnes. Takk for solistsong av Sofie Ekren og duett av Clara Brandt og Anke Helland på Sandnes og solistsong frå Marta Daae Rafoss på Solheim.

Og godt var det å få syngja ut på dei kjente og kjære julesongane saman med kyrkjelyden, og reisa heim med julestemninga i hjarta.

Tekst: Eli Eidsnes

Foto under t.v.: Rune Garmann
under t.h: Alimaa Tomor



LYS VÅKEN 3. - 4. DESEMBER 2022



Den andre helga i advent gjekk 21 spente deltagarar inn i Frøyset kyrje, og dei bar med seg madrassar, soveposar og sekker, for dei skulle nemleg på Lys vaken. Og då skulle dei overnatte i kyrkja. Nokon hadde vore med på dette før, mens for andre var det fyrste gongen. Så det var nok mange som var spente, og som gleda seg.

Fyrst så var det ei bli kjent-samling. Då hadde me fleire ulike leiker. Me lekte blant anna namneleiker, «hi, ha, ho» og andre leiker. Etter det så hadde me ei lita samling der me prata saman og vart betre kjent med kvarandre, med kyrkja og snakka om kva advent er for noko. Her fekk me veta at advent er det som markerer byrjinga på kyrkjeåret, og er ei ventetid fram til jul. Me blei også betre kjent med juleevangeliet, der borna fekk i oppgåve å finne dei orda som mangla i juleevangeliet. Dette kom godt med då me skulle førebu oss til gudstenesta som skulle vera dagen etter. Her song me, og øvde på teksten som skulle bli lest opp.

Me hadde også sporløp, der me skulle gjera ulike oppgåver på kvar stasjon. På den eine stasjonen skulle dei lage eit så høgt tårn dei berre kunne av pappkrus, men dei måtte lukke auga sine. På ein anna stasjon var det heilt mørkt, og dei måtte lyse med lommelykt på nokre refleksar for å sjå om dei kunne finne noko. På refleksane stod det eit bibelvers som handla om lys. Dei skulle også få

teste sansane sine, ved å kjenne i ulike boksar og prøve å gjette kva som var oppi dei. På den siste stasjonen skulle dei skrive namnet sitt på ein lapp, og så skulle dei andre deltagarane skrive nokre fine ting om kvarandre.

Det har vore mykje leik, moro og latter og borna. Mange tenkjer sikkert at ein skal vera vaken heile natta, fordi det heiter Lys vaken, men faktisk så handlar det ikkje om det. Lys vaken handlar om at me skal vera vaken overfor kvarandre, vaken overfor Gud og vaken overfor det som er rundt oss. Sjølv om sikkert mange ville ha vore vaken heile natta, så var det nok greitt å få seg litt søvn.

Deltagarane var gode på å vera vaken overfor kvarandre, dei hjelpte og passa på kvarandre. Dei sa ifrå om det var noko, og var gode til å komme med innspel på kva leiker me kunne ha.

Me hadde også med oss fire av årets konfirmantar som hjelpte godt til under sporløp, med maten, førebuing av gudstenesta, leik og kreativt. Me har også hatt med andre flinke frivillige som har vore med å laga mat, rydda, og vore der for borna.

Tusen takk for hjelpa me fekk til Lys vaken!

Tekst: Tina Meland Corneliusen
Foto: Torbjørn Sæle

JULEVANDRING I BARNEHAGEN

Før jul så fekk dei tre barnehagane i Masfjorden besök av sokneprest Torbjørn og trusopplærar Tina. Me var i barnehagane for å ta med borna på ei julevandring. Me vandra ikkje langt, me var heile tida i barnehagen, men me vandra igjennom tida og jula. For julevandring handlar om at me fortel litt om kva jula er, og kva som skjedde for mange år sidan, då Jesusbarnet blei fødd.

Då borna kom inn i rommet der julevandringa var, så hadde Torbjørn og Tina litt annleis klede enn dei pleier. Dei hadde nemleg kledd seg med klede me kan tenka dei brukte for over 2 000 år sidan. Dei borna som ville, fekk også litt rekvisittar, blant anna glitterglorie til englar, saueskinn til gjetarar og kroner på hovudet til vismennene. Då alle var komne på plass, byrja Torbjørn og Tina å fortelje forteljinga om då Jesusbarnet blei fødd.



Foto over: Grethe Brekken Oppedal, Foto under: Tobjørn Sæle





Foto: Åshild Skuggedal

Her blei det også vist fram nokre bilete av ei julevandring som har vore i Knarvik kyrkje. Takk til Knarvik kyrkje for lån av utstyr til julevandringa!

I julevandringa fekk borna møte mange ulike menneske. Blant anna fekk dei høyre om Maria og Josef som måtte reisa den lange vegen til Betlehem med eit esel. Her var det nokre born som hadde kledd seg ut som Maria og Josef og gjekk rundt med eit esel. Andre var gjetarar som passa på dyra, som oftast sauher. Her var det til og med nokre born som fekk halde ein liten sau som dei skulle passe på under vandringa. Då borna fekk spørsmål om kva seier sauene, så ropte alle i kor «BÆÆÆ!». Og då dei fekk spørsmål om kva lamma sa, så kviskra dei forsiktig «bææ». Dei måtte også høyre og sjå etter rovdyr som bjørn, men heldigvis kunne me ikkje sjå andre dyr enn sauene, så ingen fare!

Vismennene hadde med seg tre gaver til Jesusbarnet. Det var gull, røykelse og myrra. Alle fekk sjå på gåvene, og dei som ville fekk lukte på røykelsen. Me fann ut at røykelsen lukta litt sterkt, men det var ei fin gave.

Under julevandringa song me songar, blant anna «Eit barn er fødd i Betlehem» og «O jul med din glede». Då reiste me oss og dansa litt til songen. Me song også «No tennen vi det fyrste lys» medan me tente adventslysa. Alle song med og gjorde bevegelsar til songane.

Tekst: Tina Meland Corneliusen, trusopplærar



Foto under: Grethe Brekken Oppedal

FLOTTE JULEKONSERTAR



Songgruppe frå kulturskulen framfører Syng song

Andre helga i advent gjekk dei tradisjonsrike julekonsertane av stabelen. Kor, korps, solistar, unge og voksne stod til saman for vakre konsertar med rikhaldige program i Sandnes kyrkje, Frøyset kyrkje, Solheim kyrkje og på sjukeheimen. Her kan du sjå nokre glimt frå konsertane:

Tekst: Redaksjonen

Foto: Torbjørn Sæle



Songkoret Spleis deltok på tre av julekonsertane



Julekonsertane var godt besøkte. Her frå Frøyset kyrkje



Sandnes skulemusikk fylte kyrkja med vakre juletonar



Fjon musikklag



Brekke mannskor deltok på Frøyset og Solheim



*Embla syng
En stjerne skinner i natt*

FIN FEST PÅ FJON FJELLKYRKJE

Laurdag 14. januar vart det halde julemarkering for ukrainarar på Fjon fjellkyrkje. Dette vart ei fin oppleving for alle som var til stades.

På førehand var det gått ut innbyding til alle ukrainarar i Nordhordland, i Gulen og i Modalen. Tanken var at denne markeringa skulle vere ein liten møtestad for dei ukrainske venene våre, der dei kunne møtast på tvers av kommunegrensene, og kjenne på fellesskap med landsmenn i same situasjon som dei sjølve.

Det deltok ukrainarar frå Masfjorden og Fedje, i tillegg til ukrainarar frå den ortodokse Kristi åpenbarings menighet i Bergen. Desse kom i hovudsak frå Bjørnefjorden, men det kom også folk så langt vekke frå som frå Kvam.

Rammene for kvelden var lagt lokalt, og med lokal finansiell støtte. Det var ordna med husrom og mat, og med frakt til og fra Fjellkyrkja. Men innhaldet i julemarkeringa stod ukrainarane sjølve for. Dette vart tredelt: Fyrst ortodoks gudsteneste, deretter ukrainsk julemåltid, og til slutt eit kulturprogram. Og før, innimellan og etter desse innslaga: høve til uformelt sosialt samvere på tvers av kommunegrensene.

Fyrst skulle festmaten førebuast, og i løpet av nokre få timer var det laga til ein trerettars ukrainsk julemiddag. Eg talde på eit tidspunkt ni personar på kjøkkenet, alle travelt opptekne med å førebu julemåltidet. Snakk om effektive folk!

Klokka 16:00 var det ortodoks gudsteneste, ei litt forkorta messe. For ein som aldri har vore til stades på ei slik gudsteneste før, vart det ei litt framand, men veldig vakker oppleving. Og det var interessant å sjå korleis kyrkjelyden deltok i gudstenesta.

Etterpå var det mat. Det vart dekka til langbord. Og for eit langbord! Rettane som vart sett fram på bordet, var i tråd med ukrainsk skikk reine dekorasjonane, og etter kvart som måltidet skreid fram, kunne ein konstatere at maten var like velsmakande som han var vakkert



presentert. Den varme maten som var servert, var også svært god. All honnør til dei travle folka på kjøkkenet! Kulturprogrammet starta med at den ukrainske nasjonalsongen vart sungen. Alle reiste seg og var med, og ein kunne både sjå og høre at dette var noko som betydde



svært mykje. Også det øvrige programmet hadde eit sterkt ukrainsk preg, både ved at det var fleire innslag av ukrainarane sjølve, men også av di andre innslag hadde ukrainsk opphav.



Til dømes framførte pianist Rune Alver to musikkstykke av ukrainske komponistar, Nikolai Kasputin og Valentin Silvestrov. Dette er musikk som på sitt vis fortel litt om det store mangfaldet i ukrainsk kultur. Kasputin sin musikk har mykje av vestleg tonespråk i seg, Silvestrov sin musikk er meir orientert mot austleg musikktradisjon.

Men også norsk musikk var godt representert, med komposisjonar av Geir Tveitt, Edvard Grieg og Harald Sæverud. Og to duettar – ein av Franz Doppler, ein komponist frå Austerrike-Ungarn og ein av Alav Hovhannes, ein amerikansk komponist med armensk bakgrunn – med Rune Alver og ei fløytespelande ung ukrainsk dame synte at musikk kan hende framfor noko anna er sjølve «hjartespråket». Duettane vart på sin vakre måte ei synleggjering av den fine kontakten mellom ukrainarane og oss norske, som kom så godt fram denne kvelden.

Og at ukrainarane ikkje er framande for vestleg kultur, vart høgt og tydeleg demonstrert ved at ein tilreisande ung mann framførte eit stykke av Michael Jackson på saksofon.

Litt kulturell informasjon om Noreg vart også gitt. Den unge fløytespelande dama heldt eit lite foredrag – på russisk – om bakgrunnen for at vi i Noreg har to skriftspråk. For oss norske som ikkje er så veldig stødig i russisk var kan hende det faglege utbyttet ikkje så stort, men ein kunne

registrere at både Ivar Aasen og Knud Knudsen vart nemnde – gledeleg nok i denne rekkjefylgia.

Ukrainarane fekk også vite litt om nokre norske juleskikkjar, som at vi kallar denne høgtida for «jul», om den norske julenissen sine to opphav, og om kvifor det er så mykje krydder i norske julekaker.

Medan ukrainarane som er busette i Masfjorden fekk skyss heim same kvelden, overnatta dei øvrige ukrainarane på Fjon fjellkyrkje før dei søndags føremiddag vart frakta attende til Bergen i buss frå Veteranbussklubb BNR, med Kåre Ness som sjåfør.

Både under opphaldet og i ettertid har eg motteke mykje takk for denne samlinga. Omkvædet var: "Dette var godt for oss. Vi kjem gjerne att." Ein skal slett ikkje utelukka at dersom ein i tida som kjem møter nye personar i og omkring Fjon fjellkyrkje, er det folk som snakkar ukrainsk. Og dei fyrste planane om ei ny samling i juni – om enn i ei litt anna form enn denne – har alt sett dagsens lys.

Det er på sin plass å rette ein varm takk til alle som på ulikt vis bidrog til at denne markeringa vart så god for alle som fekk vere med på henne.

Tekst: Rune Garmann

Foto: Privat, attgitt med løyve.

GUDSTENESTE I SOLHEIM KYRKJE 15.JANUAR

Dette var første gudstenesta i det nye året.

1. vers av salme nr 101:

"Kristus er verdens lys
han og ingen andre
født i vårt mørke
født som en av våre.
Når han er nær oss,
er vår Far å finne.
Ære være Gud!"

Marit las tekstane: 1.Mosebok 1, 26-31 og
Johannes openbaring 21, 1-6

Torbjørn las Evangelieteksten, Johannes 2, 1-11 og snakka
i preika om bryllaupet i Kaanan, om korleis me kan tenkje
om og forstå teikn og under.



Eg beit meg merke i det som Torbjørn sa om Maria, mor til Jesus.
Ho sa det så enkelt, i tillit til at Jesus kunne hjelpe.
"Det er ikkje meir vin."

Det kan vere ein fin måte å be på.

Gjere det enkelt. Sei det som det er, utan bestilling eller krav til løysing.

Takkofferet gjekk til Rådet for psykisk helse, du kan få gje ei gåve på Vippsnr 620513, Masfjorden sokn.
Takk til Boris for flott orgel- og pianospel! Joakim hadde gjort klar kaffi og litt å bite i. Takk!

Tekst og foto: Dina Dyrhovden



bak det harde
kalde
ligg det noko på lur
like under og rett bak
ligg ei frisk lysegrøn von
ventar på tur
snart slepp han taket
renn mot hav
dampar vekk
eg trur
på ein ny vår

Tekst og foto:
Dina Dyrhovden

LYS I MØRKET

– Ein nydeleg og varm kveld, i ein elles litt mørk januarmånad, seier Ingrid Helene Raunehaug om Lysmessan saman med konfirmantane i Frøyset kyrkje sundag 22. januar.

Konfirmantane kom nokre timar før gudstenesta, for ha aktivitetar og for å øve til lysmessan. Dei fekk også bli betre kjent med den nye konfirmantmedarbeidaren vår, Ingrid Helene Raunehaug. Dei hadde god tid til å verte betre kjent, og til å rista seg saman. Dei byrja med å snakke om Jesus som er verdens lys, som kom til vår mørke jord frå himmelen. Det var teambuilding med ulike oppgåver, der konfirmantane skulle lage ein konstruksjon av spaghetti og marshmallows. Dei hadde også ein quiz, og åt kveldsmat før foreldre, familie og andre kom til gudstenesta.

– Det er fint å fylle kyrkja med musikken, og ungdommens påfunn og glede, seier Ingrid Helene. Ho jobbar som freelance-musikar, og vil gjerne engasjere gruppa med musikk.

Då gudstenesta byrja så vart lysa i taket sløkt, og konfirmantane gjekk i prosesjon inn i



kyrkjerommet i dei kvite kappene og med eit levande lys kvar. Gudstenesta var prega av lys, der var fleire songar og salmar som handlar om nettopp dette, alt frå «Lat oss vandre i lyset» og «Kristus er verdens lys» til den nyare lovsongen «Frihetens konge» som startar med teksten: «Se Jesus verdens lys kom til oss ned.» Alle konfirmantane deltok med lesing av tekstar, i forbøna og med lystenning. Etterpå venta ein god kyrkjekaffi med kake.

Tekst: Tina Meland Corneliusen og Torbjørn Sæle, Foto: Alimaa Tomor

ER DU EIN AGENT? SJÅ HER!

I fleire år no så har det skjedd underlege ting rundt om i dei tre kyrkjene me har i Masfjorden. Men heldigvis har me i kyrkja fått hjelp av agentar til å løyse det, og det er bra. Men i år har det også skjedd noko, og me treng hjelp av nokre agentar. Er du eller vert 7,8 eller 9 år i 2023? Då er du hjarteleg velkommen som tårnagent.

I år vert tårnagent i Sandnes kyrkje, laurdag 11. og sundag 12. mars. Dei som er eller vert 7,8 eller 9 år får ein invitasjon i posten med meir informasjon.

I tårnagenthelga byrjar me på laurdagen med velkomstsamling, der me vert betre kjent med kvarandre, kyrkja og kva me skal gjera. Me har ulike leikar, aktivitetar og oppdrag me må løyse. Me skal også leike ein del og det vert agentmåltid! Me kjem og til å vera med på å førebu gudstenesta som skal vera sundagen, for tårnagentar er delaktige der. Då ønskjer me at familie, fadrar, vene, naboor og andre samlast til gudstenesta.

Frivillig: For å få til å arrangera Tårnagent treng me frivillige til å hjelpe til med mat, opprydding, leik og til å vera til stades for borna. Vil du hjelpe til på Tårnagenthelg? Ta kontakt med trusopplærar Tina Meland Corneliusen.

Me vil minna dykk på at det berre er born som er døypt, eller registrerte som trusopplæringsabonnentar me har høve til å sende brev og invitasjonar til. Men alle er velkommen, så høyrer du til i eit av dei aktuelle klassetrinna og vil vere med på eit trusopplæringstiltak er du hjarteleg velkommen.

Dersom du ynskjer informasjon fra kyrkja om trusopplæring for born og unge, kan du ordne dette på kyrkja.no/informasjon. Her kan du registrere borna ved å logge inn og oppgi barnet sitt namn og fødselsdato på «Min Side». Her finn du òg meir informasjon om kyrkja, trusopplæring og kva moglegheiter du får ved å registera barnet ditt.

Tekst:
Tina Meland Corneliusen, trusopplærar

FASTEAKSJONEN 2023 -HÅP I EN DRÅPE VANN



Ute styrtegnar det, og inne sit eg og les om fasteaksjonen. Om «håp i en dråpe vann» som Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon i år heiter. Vatn, som eg tar som sjølvsagt i huset, kan for andre vera hardt arbeid å få tak i. Men saman med konfirmantane og soknerådet i Masfjorden kan me gje fleire i verda høve til å få reint vatn i nærleiken av der dei bur. Og gje dei håp om ei framtid gjennom desse edle dropane med vatn.

I tida 26.-28.mars vil årets konfirmantar i Masfjorden ta turen rundt på dørene med bøsser og samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Då kan du legge kontantar på bøssa eller gi på Vipps nummer 2426.

Fasteaksjonen er den nest største innsamlingsaksjonen i Norge, etter TV aksjonen. Aksjonen er svært viktig for å skaffe fleire reint vatn. Så ta godt imot årets bøsseberarar når dei dukkar opp på di dør og spør om støtte til dette viktige arbeidet.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjeverje
Foto: Kirkens Nødhjelp

Nizar si eventyrlege vassreise

Synet som møtte Nizar Seleman Utanga for sju år sidan, gav liten grunn til håp, men sidan den gong har ho vore med på å endre 126 000 liv i Mbulu i Tanzania. Det heile byrja med ein brønn.

Tekst og foto: Anette Torjusen

– La meg løfte saman med deg, så du ikkje mistar bøtta, seier Nizar Seleman Utanga og hjelper ein ung gut med å helle vatn over i ein dunk.

Området vi er i, heiter Mbulu og ligg i Tanzania, i den spektakulære Riftdalen. Omkransa av fjell, solsikker og endelause maisåkrar. Så vakkert, men samtidig så røft og brutaltt for dei som bur her. I ei årrekke har dei kjempa mot tørke og vassmangel. Innbyggjarane i landsbyen Goje måtte gå mellom fem og seks timer kvar dag for å hente vatn. Dette er ein landsby Nizar har besøkt jamt og trutt dei siste åra som programmedarbeidar i Kirkens Nødhjelp.

– Sist eg var her, var det høg arbeidsløyse, stor fortviling blant bøndene, tomme skulebenkar og mykje sjukdom. Ingen hadde eit sosialt liv. Det var det ikkje tid og rom for, seier ho

Verken menneske eller dyr hadde vatn.

– Dei som bur her, gjekk i fem–seks timer for å hente vatn. Så langt var det til nærmeste kjelde. Og det vatnet dei fann, var langt frå trygt, understrekar ho.

Ein av dei som henta vatn, var 15 år gamle Deodata Julius.

– Eg gjekk for å hente vatn kvar morgon klokka fem og gjekk i to timer. Då eg kom heim, sprang eg til skulen for ikkje å kome for seint. Etter skulen sprang eg heim for å gå i to nye timer. Først klokka 19.30 på kvelden kunne eg setje meg ned og gjere lekser, fortel ho.

Deodata legg til at ho alltid var sliten og trøytt, og at ho grudde seg til å hente vatn på ettermiddagane. For ofte rakk ho ikkje heim før det blei mørkt.

– Eg syntest det var ekstra skummelt å gå i mørkeret, minnest ho.

I 2014 samla det norske folket inn 250 millionar kroner til reint vatn gjennom TV-aksjonen, noko som gav vatn til 1,7 millionar menneske. Ein av landsbyane som har fått brønn, er nettopp Goje. I Mbulu, der vi er no, har 126 000 menneske fått tilgang til reint vatn. Kirkens Nødhjelp har både bora etter vatn og reparert brønnar. Den djupaste brønnen er på 135 meter.

Ei fersk undersøking som er gjord i Mbulu og i Haydom, viser ein nedgang frå 89 til 35 prosent i sjukdommar som er relaterte til skittent vatn.

– Eg er så stolt, så stolt over å få vere med på å endre så mange liv. Det er ein heilt annan atmosfære her no. Folk er lykkelege og har jobb, skulane er fulle av elevar, livskvaliteten har endra seg, og bøndene kan igjen dyrke grønsaker, seier Nizar.

Rundt vasspumpa i Goje er det full aktivitet. Skulen til Deodata er her for å hente vatn. Sjølv slepp ho å gå i timevis og kan konsentrere seg om å bli lege.

Nizar er spesielt glad for at barn og unge endeleg kan få tid til å vere nettopp unge.



– Liva deira var så travle, men no får dei vekse opp og ha normale liv. Det fortener dei. Eg ser så mange smil. Dei kan leike, gå på skulen og halde seg friske. Eg blir så imponert over denne endringa, smiler ho.

Sjølv om livet i Goje no er godt, er det framleis stor vassmangel i Tanzania, noko som òg gjeld større byar.

4 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. 29 millionar menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold.

NYTT ÅR, NYE KOSTAR

Nokre frivillige ynskjer avløysing – får dei det?

Val på nytt sokneråd vert halde i september, samstundes med kommunevalet, men heilt separat frå dette. Arbeidet med å finne kandidatar til det nye soknerådet er alt i gang. Seks personar er i ferd med å finne fram til og kontakte potensielle kandidatar.

Dei kjem til å spyrje fleire personar enn det ein faktisk har plass til på vallista. Dette er av di ein ynskjer at den endelege lista er allsidig samansett, både med omsyn til kjønn, alder, kompetanse – og ikkje minst kvar kandidatane bur. Sjølv om alle medlemmene i soknerådet har det same ansvaret for alle kyrkjene og kyrkjekrinsane, har det vist seg nyttig med litt lokalkunnskap når ein skal leggje til rette for det som skal skje i regi av kyrkja.



Det har ikkje alltid vore like enkelt å finne kandidatar som seier seg villige til å stå på vallista til nytt sokneråd, noko som kan ha ulike årsaker :

For einskilde er kan dette handle om at ein er inne i ein fase i livet der ein kan hende ikkje har så mykje tid og/eller krefter til å ta på seg slike forpliktingar som vil fylgje med eit verv. Det skal ein ha respekt for. Dessutan er det i ingen si interesse at nokon påtek seg eit ansvar vedkomande ikkje er i stand til å fylgje opp.

Men så er det dei som synest at dei kan hende ikkje er «religiøse nok». Til det er det berre å seie at å sitje i sokneråd ikkje stiller andre religiøse krav til den einskilde enn at vedkomande må vere innmeldt i Den norske kyrkja. Det kan vere freistande å sitere ein soknerådsleiar frå ein annan kommune i bispedømmet: «Eg er ikkje religiøs. Men eg ser at kyrkja er viktig for mange i bygda vår, så eg vil gjere mitt for at vi kan behalde ho.»

Og så er det dei som trur at det å sitje i soknerådet medfører store forpliktingar og mykje tidsbruk. Ja, noko arbeidsinnsats og tidsbruk må ein rekne med. Kor mykje arbeid det konkret kan vere snakk om, vil avhenge litt av fleire faktorar: Kva rolle ein vert tildelt, kor mange andre som er med og bidreg. Det siste er viktig å vere merksam på. For det er ikkje slik at det berre er medlemer i sokneråd og kyrkjeutval som kan vere med og yte ein innsats. Tidvis dukkar det opp situasjonar der det er fint å ha med ei hjelpende hand ekstra. Som døme kan nemnast hjelp med transport til og frå ei gudsteneste eller eit anna arrangement, eller litt fleire vaksne som kan vere med når det vert arrangert noko for borna.

Dersom ein kjenner det vanskeleg å skulle sitje i eit fast verv i ein heil fireårsperiode, er det soleis mogleg å gjere ein meir avgrensa innsats. Det kvar av oss gjer, slepp ein annan å gjere. Ei hjelpende hand i ny og ne bidreg til å lette arbeidet til dei som vert valde inn i soknerådet.

Dessutan er det meiningsfullt og kjekt.

Tekst og foto: Rune Garmann



GOD STEMNING OG FULLT HUS PÅ BJØRN WEST-MUSÉT SIN JULEKONSERT

4. desember inviterte Bjørn West-museet til julekonsert på Matre.
Godt over 80 hadde møtt opp for å få med seg konserten.



Lars m/vener presenterte eit variert program som publikum sette pris på.

Her var:

Det hev ei rose sprung, Long December night, Blue Chirstmas, Mitt hjarte alltid vankar, Nordnorsk julesalme, Have yourself av Merry Little Christmas og mange fleire. Og sjølvsagt vart konserten avslutta med ekstranummeret «Eselets julesong» - ein ny julehit.

Takk for ein flott oppleving med musikalske innslag av høg kvalitet og framført med sjel og glede.

Etter konserten hadde folk trond for å stå att og mingla og prata. God stemning og litt å bita i gjorde at praten gjekk i ein god time etter konserten var avslutta.

Takk til Lars Rognald, Gaute, Øystein, Silje, Kristin, Endre, Halvard og Hedvig.

Bjørn West-museet ser fram til neste år og ny julekonsert.

Takk til alle som møtte.

Tekst og foto: Arnold Matre

MASFJORDINGEN HAR FÅTT INN TO TEKSTAR OM JULEJAZZ-KONSERTEN:



SPREK OG VAKER JULEJAZZ

Mange var nok litt skeptiske då det vart annonseret julejazz-konsert tidleg i desember.

Likevel hadde mange funne vegen til Sandnes-kaféen for å få med seg julejazzen. Me fekk oppleva vakker, stemningsfull og særeigne framføringar av juleklassikarane.

-Tenk at me kan få oppleva ein så fin konsert i vårt nabolog, seier ein av dei frammøtte.

Å vera vitne til ein slik profesjonalitet frå A til Å var heilt fantastisk. Samkøyrdé musikarar, nydeleg samspel og spanande arrangement der julesongane var behandla på ein respektfull og verdig måte, sjølv med eit snev av jazz. Me fekk mellom anna høyra amerikanske julesongar som White Christmas og Christmas song og norske Romjulsdrøm, I den kalde vinter for ikkje å snakka om Vitae Lux. Nydeleg!

Slik hadde me ikkje høyrte desse julesongane før! Henning Hodne Mjanger på gitar, Edvard Mjanger på bass og Martin Halla, vokal gav oss jazz-versjonar av kjende julesongar, som O helga natt og Romjulsdrøm. Det vart både spennande, vakkert og stemningsfullt, og kafeen var tettpakka med tilhøyrarar som hadde teke seg fri frå julestresset for å nyta vakre tonar framført av dyktige musikarar med lokal tilknytning. Tekstane og innhaldet var dei same gamle, berre at no vart dei framførte på ein ny måte. Det tolte både julesongane og tilhøyrarane godt!

Om ettermiddagen hadde dei tre karane halde konsert på sjukeheimen. Ikke alle tilhøyrarane der var i utgangspunktet begeistra for at julesongane skulle få ein ny vri. Musikarane oppmuntra både der og på kafeen publikum til å gå om dei ikkje likte musikken. Men ingen gjekk. Tvert imot let dei seg riva med, og det vart ei avslutning til ståande applaus.

Tekst: Alf Strand, Foto: Frank Kvinge

Å framføra sjølvaste O helga natt i reggae-versjon er dristig, men jammen greidde dei ikkje å landa også denne songen på ein respektfull og fin måte.

Ei stor takk til musikarane
Henning Hodne Mjanger (gitar og vokal),
Edvard Mjanger (kontrabass og vokal) og
Martin Halla (vokal) for ei magisk konsertstund
på kafeen.

Tidlegare på ettermiddagen hadde musikarane konsert på Masfjorden sjukeheim.

Tekst: Jo Ronald
Mjanger



SUKKERTØYFEEN TILBAKE I SANDNES KYRKJE



Då farmasøyt Inger Johanne Ektvedt og mannen Roar i 2005 selde apoteket i Knarvik og Mastrevik bestemte dei seg for å nytta ein del av midlane til flygelgåver til kommunar og institusjonar hovudsakleg i Nordhordland. 16 instrument vart det til slutt, instrument av svært høg kvalitet som mogleggjer musisering på høgt nivå.

Masfjorden si gav fekk plass i Sandnes kyrkje.

Inger Johanne er på sin hals ein ivrig pianospelar og har sidan ho pensjonerte seg fått god tid til å dyrka hobbyen sin. Dei siste åra har ho spelt inn firhendige pianostykke på cd saman med pianist Rune Alver, og denne konserten var første steg i lanseringa.

22. januar var gjevarane tilbake med konsert i Sandnes kyrkje med lansering av cd-en «


Sukkertøyfeens dans». Publikum fekk oppleva smakebitar frå musikken Inger Johanne og Rune har spelt inn, hovudsakleg musikk frå romantikken. Publikum let seg imponera over den høge kvaliteten apotekaren hadde i samspel med den profesjonelle Rune, og det var interessant å høyra utøvarane og konferansier Roar Ektvedt sine presentasjonar både av musikken og flygelprosjektet.

Rune Alver hadde ei eiga avdeling der både Grieg og Bach stod på programmet.

Unge elevar frå kulturskulen var inviterte til konserten, og fekk og utfalda seg i samspel med Rune. Sjarmfaktoren var stor då 8 år gamle Emil August gav seg i kast med The Technician på kornetten sin. Jenny Sofie spelte Norsk dans nr 3 sekshendig saman med Rune og Inger Johanne på flygelet, og det var fint å sjå alle fingrane som dansa så lett over tangentane. Kornettisten Sanna gjorde ei forrykande heilstøypt framföring av Rondo Olympia og ei songgruppe framførte vakre Lille fugl.

Siste nummer i konserten var Sukkertøyfeens dans, henta frå Nøtteknekksuiten. Rune presenterte Inger Johanne som vår «sukkertøyfe», som har vore så gavmild, og så raust har dryssa flygel over distriktet vårt.

Det vart ei vakker kveldsstund i kyrkja.



Tekst: Redaksjonen



UKRAINSKE FLYKTNINGAR I MASFJORDEN

Det nærmar seg fullt hus i Masfjorden. Når me no byrjer å busetje på Matre, er det snart fullt i alle kommunale bustader. Pr. 25.januar har me 35 personar som har fått heimen sin her, og 9 ventar på tur. Og i løpet av våren kjem nok dei siste 6 for å fylle opp kvoten vår på 50.

Med hjelp frå frivillige og oss som jobbar i Flyktningenesta, trur me dei fleste trivst her og finn sin plass i lokalsamfunnet. Her er det fritt fram for alle til å delta med å dele aktiviteten sin med dei ukrainske. Til dømes ved å invitere dei med på ein runde i trimløypa, ta dei med til Knarvik på shopping, eller ta dei med på andre hyggelege og nyttelege aktivitetar. Kanskje vise dei rundt og fortelja dei kva bygdene har å by på, som til dømes sjakk, korps, volleyball, fotballtrening, bassenget eller slalåmbakken.

Kanskje kan du laga til eit treff på dagtid eller ettermiddag, og slik hjelpe dei til å lære norsk betre. Me har ikkje fått språkpraksisplass til alle, så det hadde vore fint for dei å ha ein plass å samlast for å trenre språk utanom skulen.

Kanskje dette kan vera noko for deg?

Ta kontakt med oss flyktingmedarbeidaraar på e-post:

ingvill.molland@masfjorden.kommune.no
beate.sandnes@masfjorden.kommune.no

Stort hjarterom

Flyktningenesta er veldig takksam for jobben Sandnes Vel tok på seg med Hege Manum som organisator for innsamling av gåver til dei ukrainske flyktingane til jul. Det kom inn over 300 gåver og kr 8000. Dei kjøpte akebrett til alle borna, julesnacks og julegåver. Dei fekk inn så mykje at ein kunne levere gåver til dei som sat på mottak i Bergen og venta på å komme til Masfjorden i januar, og endå litt til dei andre borna som var på mottaket. Det var veldig kjekt å kunne få vera med rundt og levere desse gåvene rett før jul. Me var like spente som dei på kva som var i pakkane. Og augene vart store då me tok fram kassar med gåver, julepynt og mat. Til og med nokre juletre klarte Hege å skaffe.

Gåvehaugen syner at det er mykje hjarterom i bygdene våre.



Hanna kom til Masfjorden i januar -23. Her er ho saman med flyktingemedarbeidarane Beate (t.v) og Ingvill (t.h)



Ein liten del av pakkehaugen som kom inn

Ei lita helsing frå ei mor om korleis ho og borna opplevde gleda ved å motta gåvene. Me har fått lov å gjengi teksten her i Masfjordingen.

Jeg starter med en stor takk til alle menneskene som hjelper og bryr seg om ukrainerne, samt takknemlighet fra ukrainerne til hele det vakre landet - Norge. Ord kan ikke beskrive følelsene som overveldet familien min, spesielt barn, da vi mottok gaver. Den dagen, julften, kom jeg og barna mine hjem fra Bergen. Barna løp foran meg, jeg hører sønnen min skrike: – Mamma, vi har juletre ved døren, hurra! Det er flott! Hvor er det fra? Sammen tok vi med oss juletreet inn, barna glemte å kle av seg og begynte umiddelbart å sette opp juletreet. Hvor mye overraskelse og glede det var da vi så mange gaver, vi har aldri hatt så mange gaver. Jeg gråt da jeg så hvordan barna ble glade da de så på gavene sine. Vi la dem under treet for å åpne dem til jul. Barna sovnet knapt og tenkte på hva som var inne i boksene. Julen kom, den yngste sønnen løp for å åpne gavene først, snart ble eldstedatteren med, jeg hadde ikke tid til å spille inn på video hvor glade de var. Ungene er glade, og det er jeg også.

Gavene var nyttige og nødvendige, alle som laget dem gjettet alle barnas og mine ønsker. Den yngste sønnen fikk både varme klær og biler, han er så glad i dem, han fikk en fotball som han ønsket seg så mye. Blant gavene var søtsaker og ting til skolen, og lærerike spill, datteren hadde alt etter hennes alder; hårlips, tenåringskosmetikk, klær og skolemateriell. Barna var veldig glade. Vi så også en stor pakke med god jul skrevet på. Inne var det pynt til huset og et juletre, som allerede sto i hallen. Det var lysende girlandere og kuler til juletreet. Det var en rett vi spiste da vi feiret jul. Vi sendte alle videoene, alle bildene til familien vår i Ukraina. Ferien var for alle, alle var veldig glade. Jeg forklarte barna som gratulerte oss. Vi kjenner fortsatt ikke giverne, men jeg vet med sikkerhet at dere, det fantastiske Norges folk, gjorde det. Vi er veldig, veldig takknemlige til deg for gleden du ga til familien min og alle ukrainere.

Igjen tusen takk til alle!

Tekst: Beate Sandnes

KOMMUNAL DRONE HAR VORTE NYTTIG FOR MASFJORDEN KOMMUNE

I samband med ras og andre hendingar har drone vorte eit nyttig verktøy for Masfjorden kommune.

Dronebilder gjer at kommunen i nær dialog med geolog kan vurdere ras og potensiale for nye ras på utsette stadar.

Dette bildet er frå Andvik, etter eit større steinsprang som skjedde laurdag 7. januar -23.

Bildet viser Kjersti Furnes Soltvedt og Kjetil Fjellby frå TML i arbeid med dronefotografering.

Tekst: Sveinung Toft
Foto: Ottar Myrtveit





HATTEN AV FOR GREASE OG UNGE SKODESPELARAR

Heilstøypte songinnslag, tøff dans, fargerike og stilige kostyme, trygge skodespelarar og replikkar som sat som eit skudd var noko av det som prega denne strålande framsyninga til mellomtrinnselevane på Sandnes skule.

«Grease» er kjend for dei fleste og tidlegare år har alle skulane i Masfjorden hatt oppsetjing av denne musikalen med ungdomstrinna.

Denne kvelden var det elevar i alderen 10-12 år som stod på scena, og dei unge aktørane imponerte stort.

Handlinga var i denne versjonen lagt til Masfjorden og Sandnes Middle School. Sandy flyttar frå Knarvik til Sandnes og har ein sommerflørt med den tøffaste guten på skulen; Danny, som er med i guttegruppen T-birds. Når sommarferien er over møter dei kvarandre på skulen, og kjærleiken er ikkje så enkel lengre. Sandy er mykje med jente-gruppa Pink Ladies på skulen, og finn ut at ho må ta farvel med den prektige Sandy. Danny tar tak, og prøver å verta meir ordentleg. Dette fører til at det vert ein lukkeleg slutt for det unge paret.

Alle fekk vist seg fram gjennom dans, song og replikkar, og elevane stod fram som modige, sjølvskre, svært frie i rollene sine og viste tydeleg at dei likte å vera i rampelyset.

Framsyninga var velregissert med smarte og gjennomtenkte sceneløysingar, og smidige overgangar mellom dei ulike scenene.

Madelein (Sandy) og Oliver (Danny) hadde to av hovudrollene i musikalen, og etter framsyninga fekk eg ein kort prat med dei.

- Dette var veldig kjekt, og så var det så gøy at alle var med og bidrog. Det har vore veldig god stemning når me har jobba med dette. Og me er kjempenøgde med at framsyninga gjekk så bra, seier Madelein, tydeleg stolt og glad.

- Det har vore skikkeleg gøy å vera skodespelar og etter ei lang tid med innøving var det kult å få visa resultatet til publikum, fortel Oliver. Det er lærarane Kristin Andvik Haugsdal og Åsmund Kvinge som har vore primus motor i dette prosjektet.

- Det har vore veldig, veldig gøy å jobba med denne oppsetjinga. Elevane har vore skikkeleg engasjerte og stått på heile vegen, kome med massevis av gode idear til korleis ein skal gjera det reint scenisk, og dansane har dei laga sjølve. Vår rolle har først og fremst vore å leggja til rette, organisera innøving og stå for koreografien på scena, fortel Kristin.

Eit stort og forventningsfullt publikum fylte opp gymsalen. Søsken, foreldre, besteforeldre og andre hadde teke turen for å få med seg denne kulturelle storhendinga, og etter framsyninga kvitterte dei med jubelrop og stor og god applaus. Elevrådsleiar Amalie takka dei unge skodespelarane for den flotte framsyninga og rektor Britt følgde opp:

-Denne framsyninga er eit stjerneksempel på godt samarbeid, og er med på å byggja gode fellesskap og eit sterkt klasse- og skulemiljø. Og ikkje nok med det: Midt oppe i innøving og finpussing av musikalen hadde dei unge skodespelarane også fått tid til å baka, og inviterte på kafé etter framsyninga.

Tusen takk for ei topp forestilling! Dette var skikkeleg kjekt å få oppleva!

Tekst: Jo Ronald Mjanger

LITT OM KAFÉTILBODA I MASFJORDEN

«UTAN MAT OG DRIKKE...» «...OG OM LITT ER KAffen KLAR...»

Masfjorden har dei seinare åra vore godt forsynt med kafétilbod. Den siste tida har ein opplevd nokre endringar på området.

Etter at **Kafé Krithuset** la ned drifta i Fensfjordbygg har det blitt arbeidd med å få andre til å overta kafédrifta i lokalet. Torsdag 15. desember opna Anne Kvellestad Klakegg **Countrykaféen** i dei ledige lokalene, og oppstarten har vore god. - No håpar eg folk vert like flinke til å bruka kaféen framover som dei har vore no i oppstarten.

Anne har tidlegare vore dagleg leiar ved Stordalen fjellstove. Som de kanskje kjenner til er fjellstova lagt ut for sal, og ny eigar er ikkje på plass. I mellomtida og fram til 1. mai vil Sissel Trædal med hjelp av heile familien stå for drift på fjellstova.

Det vil vera ope for servering og overnattingsgjestar i vinterferien og påskeveka. I tillegg vil fjellstova opna opp for bestillingar av arrangement, selskap, og grupper av gjestar. Det vil også bli søndagsmiddagar innimellom etter ver og føre, dette blir kunngjort etterkvart.

-Så håpar vi at mange av fjellstova sine venner nyttar seg av tilbodet i vinter. Det ser ut for å bli ein bra snøvinter. Med skisenteret i drift, flotte oppkøyrd løyper, flotte fjellturar utanfor løypene, kan folk kosa seg i Stordalen!

Sist sommar vart **Mors kafé** på Haugsvær lagt ned etter 24 års drift. Her har både lokalbefolking og forbipasserande på E 39 i sommarmånadane kunne få seg mat og ein kopp kaffi servert av Kari Ann Kvamsdal.

Ved årsslutt var det og slutt for **Sandneskaféen** i si noverande form. Berit Lygre har dei seks siste åra hatt ansvar for kafédrifta og har drive kaféen som ein kulturkafé i ordet sin vidaste forstand. For tida vert det arbeidd med ei enkel vidareføring av drift, der ein vil prøva å leggja til rette for arrangement om lag ein gong i månaden i tillegg til utelege til ymse arrangement. Dei nye vertane vil orientera om tilbodet når det er på plass.

To av serveringstilboda heldt fram som før:

Vegg-i-vegg med butikken på Kvingo finn du **Snikkarbua Kafé og Pub**. Og om du skulle lura; i denne snikkarbua slepp du å spikka trefigurar. Tvert imot, her kan du bestilla mat i farten som hamburger og løvbiff, eller tradisjonsmat som raspeballar og ete i kaféen eller ta med heim. Kaféen har alle rettigheter. Om du har ei feiring på gang, har Snikkarbua lokale til både store og små feiringar i tillegg til konsertlokale.

Og på **Frøyseth Gardsmat** er gardsbutikken open kvar laurdag og elles etter avtale. Bedrifta tilbyr catering, anten servert i deira trivelege selskapslokale, eller levert på døra i heile Masfjorden og Gulen.

Masfjordingen si oppmoding til masfjordingane: Støtt opp om dei lokale serveringsstadane!

Tekst: Redaksjonen

28 ÅR PÅ LUFTA MED “PÅ DANSEFOT”

Har du høyrd om På dansefot? No skal du uansett bli litt meir kjend med dette radioprogrammet som har eksistert heilt sidan 1. januar 1994.

Eg høyrer mykje på radio, time etter time kvar einaste dag. Eitt av favorittprogramma mine er Utakt som går på NRK P1. I juni møtte eg programleiarane i Bergen. Det var veldig stort!

Men no skal eg fortelja om eitt av mine andre favoritt-program, nemleg På dansefot på NRK P1+. Dette programmet har følgd meg nesten heile livet mitt. Programleiaren for dette folkekjære radioprogrammet heiter Erik Forfod, og eg tok likegodt ein prat med han. Han bur i Trondheim og jobbar i NRK på Tyholt.

-Eg starta å arbeida i NRK alt i 1986, og eg stortrives der. Men det heile starta med nærradio då eg gjekk i ungdomsskulen. Me var fleire som hadde interesse for musikk og var ein gjeng som ville starta bydelsradio her i Trondheim. Dette fekk me til, og sidan har eg halde på.

-Samtidig hadde eg ein liten kveldsjobb som DJ på ein danserestaurant som heitte Monte Cristo i Trondheim. Der var det kjende band innom kvar kvar einaste veke. Så fekk eg ein ide om at vi burde ha eit dansebandprogram i NRK. Eg lagde ein pilot og fekk i desember 1993 beskjed om at eg kunne starte På dansefot.

-Korleis ser arbeidsveka di ut?

-Det er alltid mykje som skal førebuast. Måndagar startar eg dagen med å svara på e-postar, hovudsakleg frå lyttarar. Så førebur eg sendingane til onsdag og laurdag, høyrer på ny musikk og snakkar med banda, og finn ut kva musikk eg skal spela i programma. Dette kan vera artistar som PK og dansefolket, Ole Ivars eller heilt ukjende band som eg vil løfta fram. Om sendinga skal gå direkte gjer eg det meste klart dagen før og treng berre koma nokre timer på jobb før sjølve sendinga, gjerne i 7-8 tida om kvelden. Eg har ofte andre oppdrag i helgene, som DJ, eller eg er ute for å høyrer på danseband, så eg tek ofte laurdagsendingane opp på førehand.

- Og jobben har endra seg opp igjennom. Då eg starta programmet spelte eg direkte frå LP-plater i studio. Då hadde me med oss ei handlevogn inn i studio, fortel han lattermildt.



-Korleis får du vita om den nye musikken som kjem?

-Eg følgjer med på artistane og snakkar med mange band i løpet av veka, og då fortel dei når den nye musikken kjem. Ofte får eg eg tilsendt musikken før han kjem ut, og eg spelar han i sendingane før han vert utgitt. Det er kjekt!

-Eg lærer så mykje av å høyrer på programmet ditt. Kor kjem kunnskapen din ifrå?

-Gjennom 28 år med programmet har eg fått stor og god erfaring med å laga programmet, og har tileigna meg stor kunnskap om dansebandsjangeren.

-Veit du kor mange lyttarar du har?

Det varierer litt. På ein god laurdag er det eit par hundre tusen som høyrer på sendinga når ho går på lufta, og så er det mange som høyrer på radioappen i ettertid.

-Har du vurdert å spela i danseband sjølv?

Det har eg faktisk aldri vurdert. Instrument er eg därleg på, men som sagt er eg ofte ute og underheld på andre måtar.

-Er du god til å dansa, då?

-Nei! Eg gjekk på eit dansekurs i 1997, men det blei med det. Eg er nok best på å vera programleiar på radio!

-Kor mange sendingar har du hatt?

Han ler lattermildt.- Det veit eg ikkje heilt, men mange er det.

Her tek journalisten i ettertid fram kalkulatoren, og kalkulerer seg fram til at det må vera snakk om bortimot 2000 sendingar! Slå den, du!

-Kor lenge har du tenkt å halda på med dette programmet?

-Eg ønskjer å halda fram til eg går av med pensjon eller så lenge eg har lyttarar. Eg elskar å jobba med På dansefot.

Sjølv håpar eg at dette programmet vert verande lenge. Eg veit at danseband- Norge set pris på den gode publisiteten dette programmet gir dei, og måten Erik presenterer dei på.

Takk for eit kjempefritt program. Programmet kan du høyra onsdagar mellom kl 19 og 22, og laurdagar kl 22-00.

Eg gleder meg til neste sending!

Tekst: Jo Ronald Mjanger

Foto: Privat

NY BRU ER FERDIG I STORDALEN



På Stordalsvegen har Eviny Fornybar AS bygd ny bru over elva på Bjørn West vegen. Brua har erstatta den gamle bruha som vart etablert under anleggsperioden til BKK på 60-talet. Tiltaket er omfatta av konsesjon for regulering av Matrevassdraget, gitt ved kgl. res. datert 11.12.1964.

Selskapet Smidt & Ingebrigtsen AS har vore rådgjevande ingeniørfirma for dette prosjektet. Den nye bruha er bygd av Mesta AS, og den 12 desember 2022 overtok Eviny Fornybar AS (Eviny) formelt bruha etter overtakingsforretning.

Masfjorden kommune har vidare inngått avtale med Eviny om å overta drift, vedlikehald og tilsyn av Stordalsvegen fra fylkesveg 5442 og forbi bruha bort til tunnelpåslaget ved Littlekupa. Som ein del av denne avtalen, forplikta Eviny seg til å rusta opp vegen frå fylkesvegen og ned til sjølve bruha. Vegen er i haust vorte utvida og asfaltert i regi av Eviny.

Tekst: Sveinung Toft
Foto: Roald Kvingedal

MANGLAR DET VEGLYS DER DU FERDAST?

Om det er mørkt i offentlege veglys langs vegen, i bustadfeltet der du bur eller andre plassar, kan dette meldast rett inn i Eviny sin portal for slike meldingar. Eviny driftar veglys både for Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune.

Du treng difor ikkje vite om veglyset som ikkje virkar, er eigd av stat, fylkeskommune eller kommune. Inne på lenka er det kart, der ein kan zooma inn og finna det veglyset som du vil rapportera inn. Her viser det også om det tidlegare er meldt inn feil på same lyset. Det kan ta litt tid før feilen blir retta, då Eviny prøver å samla opp litt feilretting i same område.



Tekst: Jan Kvingedal

DET ER OPNA FOR NY SØKNADSRUNDE TIL MANGFALDS- OG INKLUDERINGSTILTAK I IDRETT OG FYSISK AKTIVITET

Lotteri- og stiftelsestilsynet forvaltar tilskotsordninga som skal legge til rette for auka deltaking i idrett og fysisk aktivitet. Det kan gjevast tilskot til prosjekt eller til å få dekka eingongsutgifter i 2023 og 2024.

Fristen for å söke på ordninga er 16. februar 2023 , klokka 13.00.


Det er frivillige lag og organisasjonar og kommunale fritidsklubbar eller ungdomshus som kan söke tilskot. Ordninga gjeld både organisert idrett, eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet, som for eksempel friluftsliv.

Dette er målgruppene for ordninga:

- Barn og ungdom frå 6-19 år i familiar med vedvarande låg inntekt.
- Jenter med minoritetsbakgrunn frå 6 til 19 år, og jenter frå 6 til 19 år generelt i samanhengar der jenter er underrepresentert eller opplev særlege barrierar.
- Personar med funksjonsnedsetting. Denne målgruppa er ikkje aldersavgrensa.
- Noverande og framtidige unge leiarar og trenarar opp til 26 år, som er jenter/kvinner, eller personar som har funksjonsnedsetting eller minoritetsbakgrunn.

Les meir om ordninga og korleis du kan söke her:

<https://lottstift.no/for-frivilligheten/mangfold-og-inkludering/>



SIGRI SANDBERG: “RO - OM SOGNEFJORDEN OG EIN LANG ROTUR HEIM”

Måndag 06.februar kl.18.15

kjem Sigri Sandberg til kommunehuset på Sandnes.
Sigri er forfattar og journalist med omsyn for norsk natur,
fjord og fjell og menneske.

Nyleg var ho med i tv-programmet
«Der ingen skulle tru at nokon kunne bu» på NRK.
I si nyaste bok fortel ho om Sognefjorden – og om å ro
verdas lengste fjord i ein gammal trebåt.

Fann ho ro?

Me serverer kaffi, te og lefser.

Arrangementet er gratis.

Ingen påmelding.

Velkommen!

Arr. Masfjorden folkebibliotek



FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristane:

20. mars - 6. juni - 14. sept. - 14. nov.

Notér dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilet og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

Foto t.v.: Torbjørn Sæle

KONTAKTINFORMASJON TIL KOMMUNEN



Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

www.masfjorden.kommune.no

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no

eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no
tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Formgjeving: Mary Hope

KONTAKTINFORMASJON

TIL KYRKJA



Tlf. 56 16 62 61
e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjeverje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
epost kyrkjeverja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Trusopplærar:
Tina Meland Corneliusen
Tlf.: 56 16 62 62/936 85 071
e-post:
tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Konfirmantarbeidar:
Ingrid Helene Raunehaug
Tlf.: 416 10 191
e-post:
ingrid.helene.raunehaug@kyrkjaimasfjorden.no

Organist:
Boris Kuprijanov
Tlf. 920 60 993
e-post: kuprbor@gmail.com

Kyrkjegardsarbeidar:
Remi Kallekleiv Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no
Vipps Masfjorden sokn: 620513